

## **SAK 04-12 LOKALMEDISINSKE TENESTER I HALLINGDAL**

### **Saksopplysning**

Regionrådet for Hallingdal og rådmannsutvalet drøfta i møte 10 -11.4.2012 Hallingdal lokalmedisinske senter. Fyrst og fremst i forhold til innhald, organisering, framdrift og økonomi. Det vart gjort slikt vedtak:

### **VEDTAK**

1. Regionrådet for Hallingdal ber om at det blir søkt om statleg støtte til:
  - a. Prosjekt Lokalmedisinsk senter
  - b. Prosjekt Kompetanse-, lærings- og mestringssenter.
2. Regionrådet for Hallingdal rår til at det blir arbeid vidare med intensjonane om felles intermediæravdeling med inntil 10 interkommunale sengeplassar og 10 desentraliserte spesialisthelsetenesteplassar.
3. Regionrådet rår til at det blir arbeid vidare med ein finansieringsmodell for interkommunale sengeplassar basert på ein lik døgnpris der kommunane betalar berre etter bruk, men likevel slik at minimum 50 % av det statlege ø.hj-tilskotet vert lagt inn i driftsbudsjettet (for Hallingdal samla ca. 2,5 mill). Døgnprisen skal ikkje overstige kr. 4000,- pr døgn.
4. Ei eigen arbeidsgruppe med Oddvar Grøthe, Odd Egil Stavn og rep. Ål kommune får i oppdrag å avklare følgjande spørsmål:
  - a. Ål kommune sin del som vertskommune, i forhold til husleige.
  - b. Ål kommune sine forpliktingar i forhold til eventuell ledig kapasitetArbeidsgruppa sine vurderingar skal vera klare innan 20.4.2012.
5. Regionrådet tilrår den utarbeida avtala mellom kommunane og Ringerike sjukehus om døgntilbod for øyeblikkeleg hjelp, og vil underskrive denne når avtala er godkjent av foretaket.

I tillegg til rapportar som er sendt kommunane og som er her:

<http://regionraadet.no/Menyvalg/Prosjekter/Lokalmedisinsk-senter/>, er presentasjon frå møte 10.april lagt ved.

Til Hallingtinget si samling vil og resultatata frå arbeidsgruppa sitt arbeid vera klart (pkt. 4 i vedtak).

### **Forslag til vedtak**

1. Hallingtinget rår til at det blir arbeid vidare med intensjonane om felles intermediæravdeling med inntil 10 interkommunale sengeplassar og 10 desentraliserte spesialisthelsetenesteplassar.
2. Hallingtinget rår til at det blir arbeid vidare med ein finansieringsmodell for interkommunale sengeplassar basert på ein lik døgnpris der kommunane betalar berre etter bruk, men likevel slik at minimum 50 % av det statlege ø.hj-tilskotet vert lagt inn i driftsbudsjettet (for Hallingdal samla ca. 2,5 mill). Døgnprisen skal ikkje overstige kr. 4000,- pr. døgn.

Ål 15.4.2012

Knut Arne Gurigard  
Dagleg leiar

Vedlegg: Prosjekt Hallingdal lokalmedisinske senter, presentasjon 10.4.2012